



Statsforvaltaren I Vestland
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Referansar:
Dykkar:
Vår: 21/5625 - 22/77623

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
10.10.2022

Vedtak til klagevurdering - gbnr 445/352 Manger nedre

Tiltak: Svømmebasseng med overbygd uteplass, levegger og murar
Byggjestad: Gbnr: 445/352
Tiltakshavar: Jan-Helge Lavik
Ansvarleg søkjar: Smartcon AS

Saka gjeld søknad om oppføring av basseng, leveggar, uteplass og murar langs vegen.

Administrativ handsaming

Saka vart handsama av administrasjonen den 07.10.22, der følgjande vedtak vart fatta:

VEDTAK

Det vert gjeve dispensasjon frå arealføremål og frå avstandskrav knytt til gbnr 445/171 for oppføring av murar. Vedtaket et heimla i plan- og bygningslova § 19-2.

Det vert gjeve eitt-trinnsløyve for oppføring av basseng, overbygd uteplass med leveggar, tak og murar på følgjande vilkår:

1. Vilkår i utleppsløyve i sak 21/6735 datert 14.09.21 og endringsløyve i same sak datert 20.09.22 skal stettast.
2. Vilkår i dispensasjonsvedtak vedk. dispensasjon frå byggjegrense mot kommunal veg frå Samferdsel-, veg, vatn og avløpsavdelinga i sak 22/5537 datert 10.08.22 skal stettast.
3. Vilkår i dispensasjonsvedtak vedk. avstandskrav frå mur mot kommunal leidningsnett frå Samferdsel-, veg, vatn og avløpsavdelinga i sak 22/5506 datert 12.08.22 skal stettast.
4. Tiltaket skal koplast til kommunalt vatn i samsvar med godkjenning datert 30.09.22 i sak 22/6242.

Før det vert gjeve ferdigattest skal følgjande sendast inn:

1. Dokumentasjon på installert vassmålar.
2. Dokumentasjon på godkjent ferdigmelding for tilkopling til kommunalt vassverk.
3. Dokumentasjon på ferdigstilling av utleppsanlegg.

Vedtaket et heimla i plan- og bygningslova § 20-1.

Grunngjeving går fram av saksutgreinga.

Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Urhaug C – del av plan ID nr. 12601999000100 er definert som bustadområde. Delar av tiltaka- murar - kjem på areal regulert til Veg10 og Leik 1. Tiltaka krev dispensasjonar frå både arealføremål, frå avstandskrav knytt til gbnr 445/171 og gbnr 445/480, frå avstand til VA-leidningsnett og frå byggegrensa mot veg.

Tillat grad av utnytting etter gjeldande plan er 25 % BYA.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar Larissa Dahl på e-post larissa.dahl@alver.kommune.no eller på telefon 56171423.

Regelverk

- Du kan klage på vedtaket med grunnlag i forvaltningslova (fvl) §§ 28-36.
- Klage på vedtaket må vere nytta fullt ut før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, jf. fvl § 27b.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Løyve til oppføring av basseng, overbygd uteplass og murar med dispensasjon - gbnr 445/352
Manger nedre
Supplering av søknad - gbnr 445/352 Manger nedre
Situasjonsplan Tiltak på VA kart
Tegning Nytt Snitt mur og VA struktur
9 tegning ny fasade - oppriss mur D til F
8 Situasjonsplan - Situasjonsplan
13 Tegning nytt snitt_Snitt G til H
10 Tegning ny fasade -opprikk mur A til C
11 Tegning nytt snitt -Snitt E til F
12 Tegning nytt snitt -snitt A til D
21_ANKO_Gjennomføringsplan.pdf

Kopi til:

Jan-Helge Lavik
Smartcon AS

Langhøyane 37 A
Ytrebygdsvegen 37

5936 MANGER
5251 SØREIDGREND

Mottakarar:

Mottakarar:

Statsforvaltaren I Vestland

Njøsavegen 2

6863 Leikanger